

100 år
1902 - 2002

Sunnhordland



FESTIVALAVIS 2002

TILLEGG TIL SUNNHORDLAND torsdag 16. juni 2002

INNEHOLD
OFFISIELT
KAMPPROGRAM



Festivalvêret

Vêret ser bra ut for Handballfestivalen i år. Det er venta lange periodar med fint vêr og sørvestleg svak vind på laurdagen. Sundag og måndag kan det bli noko regn, men me håpar det beste.
Temperaturar mellom 11°C - 15°C



Handball-festivalen på Stord 2002

Me ynskjer velkommen til vår tradisjonsrike turnering på Stord. I år er det 13. gang denne festivalen vert arrangert og me satsar også i år på blanding av sportsleg kvalitet, stor deltaking og mange aktivitetar utanfor håndballbanane.

Arrangementet vil ha fokus på trivsel, samhold, rusfritt miljø, konkurranse og tryggleik for deltakarane.

Det er påmeldt 173 lag som skal gjennomføre 586 kamper på 16 baner i løpet av helga. Omlag 2000 deltakarar og leiarar vil vere i aktivitet.

Mange frivillige i Stord IL sin handballgruppe legger ned et stort arbeid både før og under festivalen for å sikre at alle våre gjester skal trivast. Faktisk vert det utført omlag 3000 dugnadstimer for å avvikle arrangementet!

Vi håper alle får ei trivelig og opplevelsersrik turnering.

Ha ei god festivalhelg alle saman!



På vegne av alle i Stord handballen
Rune A. Waage
Leder

Tekst: Iver Bunes, Jarle Kaldråstøy, Kjetil Østrem
Foto: Ingvid Sjø Slettebo, Iver Bunes, Jarle Kaldråstøy, Kjetil Østrem
Opplag: 10 500 • **Trykk:** Bladet Sunnhordland oslo



Linda Grov (15)...

Gler seg til kamp

Erlend Aleksandersen (12) og Linda Grov (15) ser fram til å koma i gang med kampene under handball-festivalen. Men først skal dei lesa turneringseiden under opningsseremonien.

Etter at me vart regionmeisterar med J15-laget i år, er målet for handballfestivalen klart: å vinna finalen, slår Linda Grov på Stord J17 fast.

At laget hennar tapte finalen i fjor, er med på å skjerpa lysta på siger.

Finalen i fjor var kjip på to måtar. For det første måtte eg utebli frå ein dåp eg var fadder i for å få med meg kampen. Og

så enda det i tillegg med tap, minnest midtbacken.

Ho fortel at Stord J17 blir ein mix av gamle og nye spelarar.

Me stiller ikkje same lag som i regionmeister-skapen, men blir ei blanding med spelarar frå 17 års-laget.

Turneringa blir på mange måtar ein start på neste sesong for oss, der nye medspelarar skal bli kjent med kvarandre og bli meir samspelte. Spannande, synest Linda, som også er lovande fotballspelar på Stord sitt juniordamelag. Men det er handballen som er viktigast, og Linda har takka nei til vidare spel



...og Erlend Aleksandersen (12) skal lesa turneringseiden under opninga av handballfestivalen.

på krinslaget i fotball for å kunna satsa meir på handballen.

Erlend Aleksandersen på Fitjar IL sitt G13-lag ser mest av alt fram til spennande kampar på Vikahaugane.

Det blir kjekt å møta andre lag enn sunnhordlandslaga me spelar mot i serien, synest 12-åringen, som entrar banen anten som strek eller back for laget sitt.

Han har spela handball i to år no, og vore med på turneringa like mange gonger.

I fjor gjekk det ikkje så bra. Me vant ein kamp

og tapte tre, fortel Erlend, som gjerne skulle sett laget sitt blant dei tre beste i årets turnering.


TURNERINGSEIDEN

Som representant for spelarane, lovar eg under Handball-festivalen

- Å spela så godt eg kan
- Å oppmuntra medspelarane mine.
- Å visa respekt for domaren
- Å retta meg etter leiarane
- Å ta avstand frå alle former for doping
- Å kjempa med «fair play»

EG LOVAR:

- Å tola å tapa
- Å tola å vinna



VIS MOT - TA EGNE VALG

Stord Handball har en AKTIV MEDSPILLER-AVTALE med organisasjonen MOT.

MOT er en ideell stiftelse dannet av toppidrettsutøvere. MOT skal skape varmere og tryggere oppvekstmiljø

for barn og ungdom slik at mobbing, vold og rusmisbruk reduseres.

Stord Handball ønsker å ta et samfunnsansvar og ønsker å engasjere seg i MOT's arbeid. Også Stord kommune har inngått en samarbeidsavtale med MOT

MOT vil skape en felles forståelse for viktigheten av å ta ansvar for hverandres situasjon ved å ta vare på hverandre. MOT påvirker hver enkeltes støtteapparat og nettverk. Mot fordømmer ikke, men driver holdningsskapende arbeid ved å påvirke omgivelsene på en positiv

måte gjennom fokus på det som virker.

Betegnelsen MOT har flere betydninger

1. MOT som eggenavn og merkevare
2. MOT som faglig-politisk standpunkt: MOT mobbing, vold og narkotikamisbruk
3. MOT som et sentralt pedagogisk budskap: MOT til å si nei, MOT til å leve, MOT til å bry seg.

Les mer om MOT på:
www.mot.no

Utan mat og drikke...



Kjælebrød, kageboller og pizza med stegte skal holder festivaldeltakerne gode og mette gjennom hele turneringen.

Maten er selvfølgelig. Kanskje betyr enkelte å vite noe av maten. Likvel satser man på kjøtt og kjer mat for å gjøre fest og spilling søt og blide. Ivarf klar Jonan Bekkesen i matkomiteen.



EN KJ OST

Komiteen tel til sammen 10 personer. Sånt jul har gjenget jobba for at en festival håndballspilene og kjerne skal strengt i gi avtatte i prosedings.

Om Anspiret i New Catering laget matlagene. Frukosten klarer seg også. Matlagene klarer det gi med 5-1000 brød, 150 kg ost og 70 kg skivete, opplyser Bekkesen.

Korles er det å avslutte på store matlag?
Det går godt, stykke lakk vora flake ferdig som stiler som vaker og servitører. Dermed alle skulle kjenne seg også under matlagene, ville det ha vore det store kare, var Jonan Bekkesen.

KLOKKENLETT FOR MÅLTIDEN:

Pris: Mellom 1700 og 2000 kroner dag (veldig 17-18)

Matlag: Mellom 1000 og 1500 matlag og matlag og matlag 1200 og 1500 matlag

Stad: Turistkontor i Vikaborgene Stord Sportscenter



Jonan Bekkesen har ansvar for alle deltagere på håndballturneringen skal å vil var



Beatles og Bjørn Eidsvåg +++

«Hilse, hilse, hilse» «Hilse» og barnesanger «Du and duk» er melodier deltagere skal lære ukene til på fest. Festival Orkestret.

De vilde og gode melodier venter barn og ungdom. De er alle uttrykk, ulike koreografiene. De vilde koreografiene i Drammensregionen i Norge.

De vil

De vilde og gode melodier venter barn og ungdom. De er alle uttrykk, ulike koreografiene. De vilde koreografiene i Drammensregionen i Norge.

Hilse og hilse på festen. De vilde og gode melodier venter barn og ungdom. De er alle uttrykk, ulike koreografiene. De vilde koreografiene i Drammensregionen i Norge.



Godt å vite om

Røde Kors på plass

Stord-Lygge Røde Kors Hjelpekrets er på plass på festivalområdet under hele håndballturneringen. Det vil også være opp til å hjelpe alle som trenger det under de store og små hendene og skadene som kommer under festene i løpet av de to dagene turneringen holdt på.

Parkerings-tips

Turneringsområdet er utstyrt for bilene under hele håndballturneringen. Det er også til å finne parkeringsplasser, som i området ved Quality Hotel Stord, ved Lærerkolde, ved ungdomsskolen og ved ungdomsskolen. Det er også til å finne parkeringsplasser, som i området ved Quality Hotel Stord, ved Lærerkolde, ved ungdomsskolen og ved ungdomsskolen.

Godt å vite om



Boks 436, 5403 Stord
 Tlf.: 53 40 09 50
 fax.: 53 41 63 55
 e-post: stord.handball@c2i.net
 Heimeside:
 Http://www.stordhandball.no

Puljeoppsett Handballfestivalen 2002

J10	J11	J12	J13	J14	J15	J17
Pulje 1 Stord 1 Stord 2 Solid 1 Sandviken 1 Askoy Kjøkkelvik Tynes	Pulje 1 Benes 1 Os 3 Stord 1 Stord 1 Kopervik Mathopen Åkra	Pulje 1 Os 1 Sandviken 1 Åsane	Pulje 1 Fana 1 Rival 2 Bjørnar Benes	Pulje 1 Stord 1 SIF 2 Brønnes Erivdsvik	Pulje 1 Stord 1 Årstad 2 Rival 1 Hinna Askoy Kjøkkelvik	Pulje 1 Stord 1 Rival 1 Rival 1 Fana Skånevik
Pulje 2 Stord 3 Solid 2 Sandviken 2 Filtar Nord Rival**	Pulje 2 Benes 2 Os 1 Stord 2 Kjøkkelvik Tynes Åsane	Pulje 2 Os 2 Rival 2 Åkra	Pulje 2 Os 1 Dale Filtar Fyllingen**	Pulje 2 Stord 2 Rival 1 Filtar Fyllingen Skånevik	Pulje 2 Årstad 1 SIF 2 Filtar Fyllingen Skånevik	Pulje 2 Stord 2 SIF 2 Filtar Fyllingen Skånevik
	Pulje 3 Benes 3 Os 2 Askoy Filtar Solid Sund	Pulje 3 Stord 3 Kjøkkelvik 2 Ternes Tynes	Pulje 3 Fana 2 Stord 2 Gneist Kjøkkelvik	Pulje 3 Stord 3 Kjøkkelvik 2 Gneist Kopervik	Pulje 3 Stord 2 Bjørnar SIF 1 Solid Strandebarm	Pulje 3 Stord 3 Bjørnar SIF 1 Solid Strandebarm
	Pulje 4 Os 2 Askoy Filtar Solid	Pulje 4 Os 2 Rival 1 Sandviken 2 Tastavarden	Pulje 4 Os 2 Rival 1 Kringlebotn Ternes	Pulje 4 SIF 1 Rival 2 Lindås Solid	Pulje 4 Stord 2 Bjørnar SIF 1 Solid Strandebarm	Pulje 4 Stord 3 Rival 2 Olen
	Pulje 5 Stord 5 Askoy 2 Årstad 1 Nord	Pulje 5 Fana 3 Skjold Tynes Årstad 1 Nord	Pulje 5 Fana 3 Skjold Tynes Årstad 1 Nord	Pulje 5 Stord 4 Kjøkkelvik 1 Sund Årstad		
	Pulje 6 Filtar Lindås Nore Neset Solid	Pulje 6 Stord 1 Åkra Årstad Åsane	Pulje 6 Stord 1 Åkra Årstad Åsane			
	Pulje 7 Askoy 1 Årstad 2 Kopervik Kvinnerhad					
	Pulje 8 Rival 1 Benes Fana Stord 6 Fyllingen					
G10	G11	G12	G13	G14	G15	G17
Pulje 1 Filtar Kjøkkelvik Solid Stord 1 Stord 2	Pulje 1 Benes 1 Solid Kjøkkelvik Kolnes Benes 2	Pulje 1 Bergen Rival Kjøkkelvik Os Stord 1**	Pulje 1 Filtar Kringlebotn Stord 1 Årstad Stord 2**	Pulje 1 Bjørnar Benes Bergen Kjøkkelvik Kopervik Os Solid Stord	Pulje 1 Nomen** Bergen Tastavarden Rival Nomen**	Pulje 1 Eivindsvik Stord Rival Nomen**
		Pulje 2 Fyllingen Årstad Nord Stord 2**				

**10 og 11 års lag
 stiller for premieutdeling 11.45
 utanfor bassenget på måndagen.
 (merka "J" på kartet)**

Festivalen i stikkord

SPORTSLEG INFO

STEMMEKONTOR/SEKRETARIAT.
 Stemmekontoret er i den gamle idrettshallen. Kontakt oss om store eller små problem. Vi serverer kaffi og noko å bita i, til dommarar og lesjar.
Turneringstelefon: 53400990 975 08 969

VIKTIG OM KAMPOPPSETTET.
 Ved ankomst, sjekk kamppoppsett for evt. endringar. Finn ut kva plass laget ditt kom på i innleiande puljespel på laurdag. Då er det lett å finna tidspunkt og bane for kampane på søndag.

PROTEST.
 Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemmekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr. 400.- Jury: Arne Steinsvåg og Øystein Sætre og Trond Arnevik.

TURNERINGSREGLEMENT.
 Under kampene gjeld NHF sitt kampreglement for turneringar.

PULJER/SPELESYSTEM
 J/G10-11 Aktivitetsserie

J12/13
 Innleiande puljespel: Dei to beste laga går til A-mellomspel, mens resten av laga går til B-mellomspel Mellomspel: Puljevinnarane går til semifinale (gjeld både A- og B-mellomspel)

J14-17
 Innleiande puljespel: Dei to beste laga går til A-mellomspel, mens resten av laga går til B-mellomspel Mellomspel: Puljevinnarane går direkte til finale (gjeld både A- og B-mellomspel)

G12
 Innleiande puljespel. Dei to beste laga går til A-mellomspel, mens resten av laga går til B-mellomspel. Mellomspel: Nr 1 og nr 2 i pulja går direkte til finale (gjeld både A- og B-mellomspel)

G13, G15 og G17
 Innleiande puljespel: Dobbel serie. Nr 1 og nr. 2 går rett til finale. Det vert ikkje spela B-finale.

G14
 Innleiande puljespel: Enkel serie. Nr 1 og nr 2 går direkte til A-finale. Det vert ikkje spela B-finale.

PULJERESULTAT/CUPRESULTAT
 Ved iavgjort i cupspillet vil dommarkast og første mål vera avgjerande, også i finalen. Ved poenglikheit i puljespel skal rekkefølga avgjerast slik:
 1) Innbyrdes kamp.
 2) Målskilnad innbyrdes kampar
 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
 4) Målskilnad alle kampar i pulja
 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
 6) Loddrekning.
 Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspillet.

LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET:
 Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

PREMIERING TIL BESTE KLUBB
 10 000 til beste klubb etter ein

spesiell poengskala. Pengepremien kan ikkje STORD vinna. J/G-10, 11 er ikkje med konkurransen.

Klassar med fleire enn 20 lag
 Vinnar: 8 p
 Toar: 6 p
 Vinnar A-pulje: 4 p
 Andre lag i A sluttspel: 3 p
 Vinnar B sluttspel: 2 p
 Toar B sluttspel: 1 p

Klassar med 10 - 20 lag
 Vinnar: 6 p
 Toar: 4 p
 Vinnar A-pulje: 3 p
 Andre lag i A sluttspel: 2 p
 Vinnar B sluttspel: 1 p

Klassar med mindre enn 10 lag
 Vinnar: 4 p
 Toar: 2 p
 Trear: 1 p

FAIR-PLAY
 Under finalekampene måndag blir det delt ut Fair-play pokal til klubben med best oppførsel.

BANER
 1. Nyehallen
 2. Gamlehallen
 3. Rackethallen
 4-7. Grusbane
 8-11. skisebanen
 12-14. Biltysnet
 15-16. HSD

BESTE KLUBB
 1990: Giv-Akt
 1991: Åkra
 1992: A.L.L.Bjørnar
 1993: Ternes
 1994: Brønnaldalen
 1995: Ternes
 1996: Bjørnar
 1997: Bjørnar
 1998: Bjørnar
 1999: Kjøkkelvik
 2000: Kjøkkelvik
 2001: Bjørnar

PRAKTISK INFORMASJON
 Det er viktig å alle lagleiarar så tidleg som råd er kjem innom hovudsekretariatet i gamlehallen for utfylling av komplette laglister og sjekk av endeleg kamppoppsett.

PROGRAM FOR FRITIDSAKTIVITETAR
LAURDAG 18. MAI:
 * Sandvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-23.00
 * Putekrig på bukk kl. 08.00-24.00
 * Defilering (frå Leivik Skule) (oppgitt til kl. 11.00) kl. 11.30
 * Multimediaron: Resultat-konkurransar-internet kl. 13.00-18.00
 * Naturski med rebus kl. 13.00-15.00
 * Hesteriding ved Vikstemno (Andedammen) kl. 14.00-17.00
 * Skattejakt i undervannstank kl. 14.00-17.00
 * Bading i Kulturhuset, 10-12 år kl. 15.00-17.00
 * Bading i Kulturhuset, 13-18 år kl. 17.00-19.00
 * Grillfest med smaksprøver av grillmat (på skuleplassen ved ungdomskulen/hovudsekretariatet) kl. 19.00-23.00
 * Grand Prix (påmelding i sekretariatet, begrensa plasser!) kl. 19.00-23.00
 * Hesteskokasting (fire på kvart lag) kl. 19.30-23.00

SUNDAG 19. MAI:
 * Sandvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-23.00
 * Putekrig på bukk kl. 08.00-24.00
 * Multimediaron: Resultat-konkurransar-internet kl. 10.00-18.00
 * Bading i Kulturhuset, 10-12 år kl. 12.00-15.00
 * Naturski med rebus kl. 12.00-18.00
 * Hestending ved Vikstemno (Andedammen) kl. 14.00-17.00
 * Skattejakt i undervannstank kl. 14.00-17.00
 * Bading i Kulturhuset, 13-18 år kl. 15.00-18.00
 * Bading i Kulturhuset, 10-13 år kl. 19.30-21.30
 * *Leiarreff kl. 21.00-24.00
 * Diskotek 14-18 år kl. 22.00-00.30

MANDAG 20. MAI:
 * Sandvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-14.00
 * Putekrig på bukk kl. 08.00-14.00
 * Multimediaron: Resultat-konkurransar-internet kl. 10.00-14.00

Spørsmål om fritidsaktivitetane kan rettast til sekretariatet.

ORDENSREGLAR PÅ SKULANE.

- Ein leiar pr. lag skal overnatta med laget.
- Ulovleg å bruka ballen på klasseromma.
- Nikotin/alkohol er sjølvsaugt bannlyst på skulane.
- Klasseromma skal ryddast før avreise, og eventuelle skader står laga ansvarleg for.
- Klasseromma skal også godkjennast av arrangar før avreise.

Alle laga bør ta kontakt med vakta på skulane for praktisk informasjon, særleg for å setja seg inn i dei reglane som gjeld sikkerhet.

LAGFOTOGRAFERING.

Ta kontakt med fotografen.

MATSERVERING I TURNKASSEN

Laurdag
 Frukost: 07.30 - 10.30
 Middag: 13.00 - 17.00.
 Lapskaus

Søndag
 Frukost: 07.30 - 10.30
 Middag: 13.00 - 17.00.
 Kjøkkaker

Måndag
 Frukost: 07.30 - 10.00
 Middag: 12.00 - 15.00.
 Pølse med potetstappe.

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN
 Det går buss til Rommetveit/Langeland skule. Ruter vert utdelt til dei aktuelle.

RODE KORS
 Personalnet er stasjonert på ungdomsskulane. Kontakt med doktor eller farnlege skjer gjennom Røde Kors.

PARKERING
 Beste parkeringsplassen er i området rundt Stord vidaregåande skule. Det er ikkje lovleg å kjera inn på sterneområdet, ven leg og respekter dette! Kontakt stemmekontoret om de ønskjer parkering for campingvogn.

Det blide festivaloraklet

Ingen får fleire spørsmål om Handballfestivalen enn Inger H. Strauss på handballkontoret.

Festivalavisa traff leiaren av Stord sitt handballkontor til ein prat måndag - fem dagar før turneringsstart.

Heitt rundt øyrene

Akkurat no er det relativt heitt rundt øyrene. 24 timar

i døgeret vert litt for lite så tett oppunder festivalen. Eg har tre telefonlinjer inn til

kontoret. Det er sjeldan dei står i ro, seier ho blidt.

Kva er det folk lurar på? Alt mellom himmel og jord. Alt frå om spelarane må bruka knebeskyttarar, innhaldet på menyen til

innkvartering, svarar ho.

Vert det like hektisk under sjølve turneringa?

Ja, det vil eg tru. Det vert nok full rulle. Dei fyrste deltakarane kjem allereie på kvelden 17. mai. Men storinnrykket set fyrst inn laurdag morgon. Så då er det tidleg opp.

Sjolv om jobben på handballkontoret vil ta tid, satsar også Inger på å få sett nokre handballkampar i løpet av festivalen.

Eg er oppmann på eit J10 lag der den yngste dottera mi spelar. Håpar eg rekk å følgja opp laget på ein skikkeleg måte. Eldstedotter mi på J17-laget må eg også få med meg. Det vert travelt men eg skal prøva så godt eg kan, lovar ho.



Travle tider for Inger H. Strauss på handballkontoret. Travelt, men kjekt, hevdar ho.



Godt å vita om

172 lag kjem!

Omlag 172 lag (+/-) kjem til oss i pinsen, og me skal ta godt vare på dei! Dette er omlag like mange som i fjor, men me vonar på at me til neste år klarer å koma opp i mot 200 lag.

-Takka vera gode leiingar for dei ulike komiteane og ikkje minst Inger H. Strauss på Handballkontoret, trur eg årets Handballfestival vil bli ein stor suksess! Me har lagt opp til at alle laga skal få spela flest mogleg kampar, seier festivalleiar Kjartan B. Grov.

Ventar storinnrykk Ingen pinse utan handballfestival

Me kan vel ikkje heilt forestilla oss ei pinsehelig utan handballfestival.

Silje Lillabo og Bjarte Epland har vore festivaldeltakarar sidan dei var gamle nok til å delta. Laurdag ventar dei storinnrykk til Vikahaugane.

Også årets festivalleiar, Kjartan B. Grov, er styrka i trua på at handballfestivalen høyrer pinsehelig til her på Stord.

Ja, i år vart me faktisk råda til å finna ei anna helg. Etersom det vart ein ekstra fridag i 17. mai kunne me risikera at folk ville nytta høvet til å gjera andre ting. Me valde likevel å stå løpet vårt og gjorde tydelegvis rett i det. Det visar seg nemleg at me har fått same påmelding i år som i fjor, seier Grov. Han ventar rundt 2000 handballspelarar til Vikahaugane i løpet av fredagen og laurdagen. Ikkje uventa er det jentene som dominerar.

Av totalt 172 lag er 130 jentelag. Særleg mange er det i aldersklassane


11, 12 og 13 år. Me hadde jo håpa å få nok lag til ein klasse også for 20-åringane, men det gjekk ikkje, seier Grov.

Natursti og drøssevis med kampar

For dei yngste årsklassane er det utanomsportslege tilbodet like viktig som det sportslege. Denne 13. handballfestivalen vil følgja sitt innarbeidde program med hesteridning, bading, grillfest med meir.

I år har me også laga til ein natursti for dei yngste. Her har me laga til rebusar som skal løysast under vegs og håpar det skal slå an, seier Grov.

Når det gjeld dei eldste så er kampane det viktigaste. Difor vert det aktivitet på banane til langt på kveld dei to første arrangementsdagane. Alle lag som kjem til festivalen skal vera sikra minst fem kampar. Akkurat kamptalet har viste å vera ein styrke ved denne festivalen, sluttar Kjartan B. Grov.



Turneringsleiar Kjartan B. Grov (frå venstre), Bjarte Epland og Silje Lillabo har vanskar med å forestilla seg ei pinsehelig utan handballfestival. Turningsleiareren konstaterer at alt er i rute føre den 13. handballfestivalen som startar laurdag.

Børsvinnarane

Sørlendingane gjorde reint bord

Det måtte sørlendingar til. Didrik Launes og Katrine Høyland gjekk til topps på kvar sin spelarbørs etter ein hektisk sesong for stordhandballen.

Overraskande. Eg føler personleg eg har vore gjennom ein svært så variabel sesong. Men det har vel også resten av laget, seier ei glad Katrine Høyland etter at børskneskapan var gjort opp. Etter tre års studiar ved sjukepleiarhøgskulen kombinert med spel for storddamene i både 2.- og 1. divisjon, vil lyngdalsjenta prøva seg i toppdivisjonen. Sola vert klubben neste sesong.

Det skal bli spennande, men litt trist blir det å forlata Stord. Trass i nedrykk og sportsleg motgang siste året har me hatt ein fin tone i gjengen. Ingvild (Lunde) og eg har samarbeidd fint om keeperjobben. Stord er på ein måte vorte min andre heim. Når eg flyttar til Stavanger vert det omlag like langt å reisa til Lyngdal som til Stord. Eg blir nok med ein og annan gongen når Ragnhild (Aaland) og Cecilie (Eriksen) reiser til Stord, sluttar Katrine Høyland. Før ho kom til Stord spela ho for Tonstad (Sirdal) i 4. divisjon og Skogn (4. div. Nord-Trøndelag).



Ikkje eit kilo for mykje
Med sine rundt 100 kg har Didrik Launes ruva godt både i forsvar og angrep for stordherrane denne sesongen. Sjølv er han glad for kvart eit kilo.

Handball er mykje bryting og nærkamp. Då er det godt å ha nokon å leggja bak, ler sørlendingen som har fått ein real sportsleg oppurt etter at han kom til Stord frå Kristiansand for to sesongar sidan.

Med landslagsspelar, Morten Dalland, å slåss mot, fekk eg problem med å kjempa meg til angrepsspel med Kristiansand. Var eg innpå så var det i forsvar. Skulle eg utvikla meg som handballspelar, måtte eg bort. Stord vart ei bra løysing, seier sørlendingen. I tillegg til det sportslege har han også engasjert seg i arbeidet mot (MOT) stoffmisbruk på Stord. Didrik Launes var mellom dei som vurderte å forlata stordskuta før komande sesong. No har han bestemt seg for å bli med eitt år til.

Det var litt usikkert ein periode, men no er trenarspørsmålet løyst. Me har dyktige folk i leiinga som jobbar for å styrka spelarstallen. Det treng me.

Ein skikkeleg strateg i spelargruppa står øvst på ynskelista. Kan ikkje du ta den rolla?

Eg skal gjerne vera pådrivar og oppmuntrar på banen, men eg føler meg ikkje i posisjon til noko utover det. Me skulle gjerne fått knytt til oss ein rutinert og god bakspelar. Men om me ikkje skulle få det så meinar eg likevel me er såpass mange i stallen som har meir å gå på enn det som vart vist førre sesongen at me bør uansett

kunna ta eit nytt steg nærare toppen i norsk handball, sluttar Didrik Launes.

Spelarbørsen

Bladet Sunnhordland 2001/02

Gjennom spelarbørsen sin har Sunnhordland også denne sesongen kåra Årets Spelar - både på herre- og damelaget. Børsen har stått på trykk i bladet etter kvar seriekamp.

Spelarane på herrelaget vart løna med børskaraktarar mellom 1 og 8 - med sistnemnde som toppkaraktar. Etter siste kamp vart summene lagt saman for kvar spelar, og delt på antal kampar vedkomande var på banen.

Damelaget i 1. divisjon fekk delt ut krøstorn for innsatsen sin. Det vart gjeve alt frå tre til ingen krøstorn. Spelaren med flest krøstorn ved sesongslutt, kunne stolt kalla seg verdig børsvinnar.

